

Nynorskrettskrivinga av 2012

Torodd Kinn

Versjon 5, 4. januar 2013¹

Kulturdepartementet avgjorde 22. september 2011 at ei ny nynorskrettskriving skulle gjelde frå 1. august 2012. Rettskrivinga var utforma i *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet*.² Den føreliggande framstillinga byggjer på innstillinga.

2012-rettskrivinga avløyste ei norm som hadde vore gjeldande i bortimot to mannsaldrar, nemleg nynorskrettskrivinga av 1959.

Nedanfor kjem det først ein generell del om kva reforma innebar. Deretter har eg ein gjennomgang av dei fleste endringane i det grammatiske systemet (i hovudsak bøyning) og i vokalisme og konsonantisme (pluss nokre andre endringar av ymist slag). Til sist er det ei kort framstilling av prosessen fram mot ei ferdig ny norm.

1 Allment om reforma

Den største endringa var at skiljet mellom hovudformer og sideformer vart oppheva.

Både bokmål og nynorsk fekk i 1938 eit system med rettskriving på to nivå: (ein forholdsvis trong) læreboknormal og (ei noko vidare) rettskriving. Læreboknormalen var identisk med hovudformene, medan rettskrivinga i tillegg hadde hatt sideformer. Sideformene vert ofte kalla klammeformer, fordi dei var oppførte med klammer i ordbøkene. Eit døme er nynorsk *draum* [*drøm*], der *draum* var hovudform og *drøm* sideform. Som namnet seier, var det læreboknormalen ein skulle bruke i lærebøker for grunnskule og vidaregåande skule. Dessutan var det læreboknormalen som gjaldt for dei som skriv i offentleg teneste. Her var sideformene altså ikkje tillatne, men i all annan språkbruk var sideformene like rette som hovudformene.

Då bokmålet fekk ny rettskriving i 2005, vart skiljet mellom hovud- og sideformer fjerna der. Med nynorskrettskrivinga av 2012 vart tonivåsystemet oppheva her òg. Alle godkjende former fekk altså lik status i nynorsk på same måte som i bokmål.

Mange sideformer (og ein del hovudformer) vart tekne ut ved overgangen til ny rettskriving, ein del sideformer overlevde og fekk status på linje med gamle hovudformer, og nokre relativt få nye former kom inn.

Spørsmålet om kva former som skulle takast ut, var kontroversielt. Særleg i substantivbøyninga var det mange tradisjonelle former som vart fjerna, t.d. [*boki*], [*klokkor*], [*husi*]. Men ein tok òg ut t.d. mange former med monoftong som hadde vore fellesformer med bokmål (t.d. *høre*, [*flom*]). I framstillinga nedanfor vert det ikkje kommentert kva retning endringane verka i; det vil vel oftast vere klart.

Ver merksam på at eg ikkje nemner alle endringar! Lite brukte ord er stort sett utelatne, og det same gjeld ein del enkeltpunkt som det ville ha kravd uforholdsmessig mykje plass å gjere greie for.

Ver dessutan merksam på at det som ikkje vart endra, sjeldan er nemnt! Sjølv om reforma var omfattande, var det aller meste uendra. Dei fleste som skriv nynorsk, trong ikkje å endre mykje. Dei fleste mykje brukte formene kunne og kan brukast som før.

Det vanlegaste var at eksisterande former vart førte vidare. Det gjaldt enten dei hadde vore eineformer eller éi av fleire hovud- eller sideformer. Det aller vanlegaste var at éi eineform vart ført vidare:

båtar = *båtar*
ikkje = *ikkje*

I mange tilfelle vart valfridom mellom gamle hovudformer ført vidare:

velja/velje = *velja/velje*
fyrst/først = *fyrst/først*

I andre tilfelle vart ei hovudform stroken til fordel for ei anna hovudform:

skote/skoti → *skote*
framand/fremmend → *framand*

I ein del tilfelle vart gamle sideformer førte vidare og fekk dermed lik status med gamle hovudformer:

gonger [gongar] → *gongar/gonger*
anten [enten] → *anten/enten*

I mange tilfelle vart gamle sideformer strokne:

boka [boki] → *boka*
draum [drøm] → *draum*

Mykje sjeldnare var det at ei gammal hovudform gjekk ut medan ei sideform vart ståande:

nake/naki [nakent] → *nake/nakent*
massing [messing] → *messing*

I nokre få tilfelle var det teke inn ei ny form i tillegg til den gamle:

mengd → *mengd/mengde*
dykkar → *dokkar/dykkar*

Og i nokre få tilfelle vart ei gammal form stroken og ei ny teken inn:

radiar → *radiusar*
fråssa/fråsse → *fråtsa/fråtse*

Nedanfor er det mange oversyn der eg set gammal og ny rettskriving opp mot kvarandre. I tilfelle der ei form fekk endra status, brukar eg følgjande symbol etter forma:

☒ = form som gjekk ut av rettskrivinga

☺ = form som hadde vore sideform og vart ført vidare og dermed oppgradert

★ = form som kom inn i rettskrivinga

2 Den nye rettskrivinga

2.1 Substantiv

2.1.1 Hankjønn

I dei store regelrette klassane vart det ikkje endringar:

Uendra:

<i>båt</i>	<i>båten</i>	<i>båtar</i>	<i>båtane</i>
<i>unge</i>	<i>ungen</i>	<i>ungar</i>	<i>ungane</i>

Der det hadde vore val mellom *e*-fleirtal og *a*-fleirtal, vart begge ståande. Dette gjaldt ord på trykklett *-a* og på *-nad* og ein god del enkeltord, f.eks. *gong*:

Før:	<i>gong</i>	<i>gongen</i>	<i>gonger</i>	<i>gongene</i>
eller	<i>gong</i>	<i>gongen</i>	<i>[gongar]</i> ☺	<i>[gongane]</i> ☺
	<i>sofa</i>	<i>sofaen</i>	<i>sofaer</i>	<i>sofaene</i>
eller	<i>sofa</i>	<i>sofaen</i>	<i>[sofaar]</i> ☺	<i>[sofaane]</i> ☺
	<i>søknad</i>	<i>søknaden</i>	<i>søknader</i>	<i>søknadene</i>
eller	<i>søknad</i>	<i>søknaden</i>	<i>[søknadar]</i> ☺	<i>[søknadane]</i> ☺

Etter:	<i>gong</i>	<i>gongen</i>	<i>gongar</i> ☺	<i>gongane</i> ☺
eller	<i>gong</i>	<i>gongen</i>	<i>gonger</i>	<i>gongene</i>
	<i>sofa</i>	<i>sofaen</i>	<i>sofaar</i> ☺	<i>sofaane</i> ☺
eller	<i>sofa</i>	<i>sofaen</i>	<i>sofaer</i>	<i>sofaene</i>
	<i>søknad</i>	<i>søknaden</i>	<i>søknadar</i> ☺	<i>søknadane</i> ☺
eller	<i>søknad</i>	<i>søknaden</i>	<i>søknader</i>	<i>søknadene</i>

Ein del framandord på *-ium* og *-ius* fekk regelrett bøyning, t.d.:

Før:	<i>geranium</i>	<i>geraniumen</i>	<i>geraniar</i> ☒	<i>geraniane</i> ☒
		<i>geranien</i> ☒		
	<i>radius</i>	<i>radiusen</i>	<i>radiar</i> ☒	<i>radiane</i> ☒
		<i>radien</i> ☒		

Etter:	<i>geranium</i>	<i>geraniumen</i>	<i>geraniumar</i> ★	<i>geraniumane</i> ★
	<i>radius</i>	<i>radiusen</i>	<i>radiusar</i> ★	<i>radiusane</i> ★

Tre uregelrette ord fekk færre former i fleirtal:

Før:	<i>feil</i>	<i>feilen</i>	<i>feilar</i> ☹	<i>feilane</i> ☹
eller	<i>feil</i>	<i>feilen</i>	<i>feil</i>	<i>feila</i> [<i>feili</i>] ☹
	<i>mann</i>	<i>mannen</i>	<i>menn</i> <i>menner</i> ☹	<i>mennene</i>
eller	<i>sko</i>	<i>skoen</i>	<i>skor</i>	<i>skorne</i>
	<i>ska</i>	<i>skaen</i>	<i>ska</i>	<i>skaa</i> [<i>ska</i>] ☹

Etter:	<i>feil</i>	<i>feilen</i>	<i>feil</i>	<i>feila</i>
	<i>mann</i>	<i>mannen</i>	<i>menn</i>	<i>mennene</i>
	<i>ska</i>	<i>skaen</i>	<i>ska</i>	<i>skaa</i>
eller	<i>ska</i>	<i>skaen</i>	<i>ska</i>	<i>skaa</i>

Ein del gamle folkenamn på *-ar* som hadde hatt alternative former i fleirtal, fekk berre regelrett bøyning, t.d.:

Før:	<i>anglar</i>	<i>anglaren</i>	<i>anglarar</i>	<i>anglarane</i>
eller	<i>anglar</i>	<i>anglaren</i>	<i>anglar</i> ☹	<i>anglane</i> ☹

Etter:	<i>anglar</i>	<i>anglaren</i>	<i>anglarar</i>	<i>anglarane</i>
--------	---------------	-----------------	-----------------	------------------

2.1.2 Hokjønn

Dei store regelrette klassane fekk færre former ved at alle sideformene gjekk ut. Fjerninga av desse suffikstypane gjaldt òg mindre klassar og uregelrette ord.

Før:	<i>skål</i>	<i>skåla</i> [<i>skåli</i>] ☹	<i>skåler</i>	<i>skålene</i>
	<i>klokke</i> [<i>klokka</i>] ☹	<i>klokka</i>	<i>klokker</i>	<i>klokkene</i>
eller	<i>klokke</i> [<i>klokka</i>] ☹	<i>klokka</i>	[<i>klokkor</i>] ☹	[<i>klokkone</i>] ☹

Etter:	<i>skål</i>	<i>skåla</i>	<i>skåler</i>	<i>skålene</i>
	<i>klokke</i>	<i>klokka</i>	<i>klokker</i>	<i>klokkene</i>

Der det hadde vore val mellom *a*-fleirtal og *e*-fleirtal, vart begge ståande. Dette gjaldt ein god del enkeltord, t.d. *elv*:

Før:	<i>elv</i>	<i>elva</i> [<i>elvi</i>] ☹	<i>elvar</i>	<i>elvane</i>
eller	<i>elv</i>	<i>elva</i> [<i>elvi</i>] ☹	[<i>elver</i>] ☺	[<i>elvane</i>] ☺

Etter:

<i>elv</i>	<i>elva</i>	<i>elvar</i>	<i>elvane</i>
------------	-------------	--------------	---------------

 eller

<i>elv</i>	<i>elva</i>	<i>elver</i> ☺	<i>elvene</i> ☺
------------	-------------	----------------	-----------------

Ord på *-ing*, som berre hadde hatt *a*-fleirtal, fekk same fleirtalsbøying som før:

Før:

<i>dronning</i>	<i>dronninga</i>	<i>dronningar</i>	<i>dronningane</i>
	<i>[dronningi]</i> ☹		

Etter:

<i>dronning</i>	<i>dronninga</i>	<i>dronningar</i>	<i>dronningane</i>
-----------------	------------------	-------------------	--------------------

Nokre uregelrette ord fekk endra former i fleirtal. Her er dei vanlegaste:

Før:	<i>hes</i>	<i>hesa</i> <i>[hesi]</i> ☹	<i>hesjar</i> ☹	<i>hesjane</i> ☹
eller	<i>hes</i>	<i>hesa</i> <i>[hesi]</i> ☹	<i>[heser]</i> ☺	<i>[hesene]</i> ☺
	<i>mil</i>	<i>mila</i> <i>[mili]</i> ☹	<i>mil</i> <i>miler</i> ☹	<i>milene</i>
	<i>vom</i>	<i>vomma</i> <i>[vommi]</i> ☹	<i>vemmer</i> ☹	<i>vemmene</i> ☹
eller	<i>vom</i>	<i>vomma</i> <i>[vommi]</i> ☹	<i>vommer</i>	<i>vommene</i>

Etter:

<i>hes</i>	<i>hesa</i>	<i>heser</i> ☺	<i>hesene</i> ☺
<i>mil</i>	<i>mila</i>	<i>mil</i>	<i>milene</i>
<i>vom</i>	<i>vomma</i>	<i>vommer</i>	<i>vommene</i>

Ord på trykklett *-a* fekk fjerna uregelrette former i eintal:

Før:

<i>mamma</i>	<i>mamma</i> ☹	<i>mammaer</i>	<i>mammaene</i>
	<i>mammaa</i>		
	<i>[mammai]</i> ☹		

Etter:

<i>mamma</i>	<i>mammaa</i>	<i>mammaer</i>	<i>mammaene</i>
--------------	---------------	----------------	-----------------

2.1.3 Inkjekjønn

Dei store regelrette klassane fekk færre former ved at sideformene på *[-i]* i bestemt fleirtal gjekk ut. Slike former vart òg fjerna i uregelrette ord.

Før:

<i>hus</i>	<i>huset</i>	<i>hus</i>	<i>husa</i> <i>[husi]</i> ☹
<i>eple</i>	<i>eplet</i>	<i>eple</i>	<i>epla</i> <i>[epli]</i> ☹

Etter:

<i>hus</i>	<i>huset</i>	<i>hus</i>	<i>husa</i>
<i>eple</i>	<i>eplet</i>	<i>eple</i>	<i>epla</i>

Ord på trykklett *-el* eller *-er* fekk færre samantrekte former, t.d.:

Før:	<i>middel</i>	<i>middelet</i>	<i>middel</i>	<i>midla</i>
		<i>midlet</i> ☒		<i>[midli]</i> ☒
	<i>senter</i>	<i>senteret</i>	<i>senter</i>	<i>sentera</i>
		<i>sentret</i> ☒		<i>sentra</i> ☒
				<i>[senteri]</i> ☒
				<i>[sentri]</i> ☒

Etter:	<i>middel</i>	<i>middelet</i>	<i>middel</i>	<i>midla</i>
	<i>senter</i>	<i>senteret</i>	<i>senter</i>	<i>sentera</i>

To andre ord fekk endra bøyning:

Før:	<i>møbel</i>	<i>møbelet</i>	<i>møblar</i>	<i>møblane</i>
		<i>møblet</i> ☒		
eller	<i>møbel</i>	<i>møbelet</i>	<i>møbel</i>	<i>møbla</i>
		<i>møblet</i> ☒		<i>[møbli]</i> ☒
	<i>våpen</i>	<i>våpenet</i>	<i>våpen</i>	<i>våpna</i> ☒
				<i>[våpni]</i> ☒

Etter:	<i>møbel</i>	<i>møbelet</i>	<i>møblar</i>	<i>møblane</i>
eller	<i>møbel</i>	<i>møbelet</i>	<i>møbel</i>	<i>møbla</i>
	<i>våpen</i>	<i>våpenet</i>	<i>våpen</i>	<i>våpena</i> ★

Mange framandord og lånord på *-a*, *-on*, *-um* (bortsett frå *-eum* og *-ium*) og *-us* fekk fjerna uregelrette former. Lånord på *-a* fekk berre regelrett bøyning i bestemt fleirtal:

Før:	<i>skjema</i>	<i>skjemaet</i>	<i>skjema</i>	<i>skjema</i> ☒
				<i>skjema</i>
				<i>[skjemai]</i> ☒

Etter:	<i>skjema</i>	<i>skjemaet</i>	<i>skjema</i>	<i>skjema</i>
--------	---------------	-----------------	---------------	---------------

Lånord på *-on* fekk berre regelrett bøyning i fleirtal:

Før:	<i>leksikon</i>	<i>leksikonet</i>	<i>leksikon</i>	<i>leksikona</i>
				<i>[leksikoni]</i> ☒
eller	<i>leksikon</i>	<i>leksikonet</i>	<i>leksika</i> ☒	<i>leksika</i> ☒
				<i>leksikaa</i> ☒
				<i>[leksikai]</i> ☒

Etter:	<i>leksikon</i>	<i>leksikonet</i>	<i>leksikon</i>	<i>leksikona</i>
--------	-----------------	-------------------	-----------------	------------------

Lånord på *-us* fekk berre regelrett bøyning i fleirtal:

Før:	<i>tempus</i>	<i>tempuset</i>	<i>tempus</i>	<i>tempusa</i> [<i>tempusi</i>] ☹
eller	<i>tempus</i>	<i>tempuset</i>	<i>tempora</i> ☹	<i>tempora</i> ☹ <i>temporaa</i> ☹ [<i>temporai</i>] ☹

Etter: *tempus tempuset tempus tempusa*

Stoffnamn på *-ium* hadde hatt regelrett bøyning i ubestemt eintal og skulle framleis ha det:

Uendra: *aluminium aluminiumet* (Stoffnamn har sjeldan fleirtalsformer.)

Andre ord på *-eum* og *-ium* skulle derimot ha uregelrette bestemte former, som før:

Før:	<i>jubileum</i>	<i>jubileet</i>	<i>jubileum</i>	<i>jubilea</i> [<i>jubilei</i>] ☹
	<i>kollokvium</i>	<i>kollokviet</i>	<i>kollokvium</i>	<i>kollokvia</i> [<i>kollokvii</i>] ☹

Etter: *jubileum jubileet jubileum jubilea*
kollokvium kollokviet kollokvium kollokvia

Men andre ord på *-um* (enn dei på *-eum* og *-ium*) fekk berre regelrett bøyning i fleirtal:

Før:	<i>forum</i>	<i>forumet</i>	<i>forum</i>	<i>foruma</i> [<i>forumi</i>] ☹
eller	<i>forum</i>	<i>forumet</i>	<i>fora</i> ☹	<i>fora</i> ☹ <i>foraa</i> ☹ [<i>forai</i>] ☹

Etter: *forum forumet forum foruma*

Unntak frå denne regelen var *antibiotikum* og *faktum*, som i tillegg til regelrett bøyning som ovanfor kunne ha uregelrette fleirtalsformer: ubestemt *antibiotika* og bestemt *antibiotikaa*, ubestemt *fakta* og bestemt *faktaa*.

2.1.4 Tilhøvet mellom genusa

Det vart gjort ein god del endringar i det grammatiske kjønnet for ord som endar på ulike suffiks eller suffiksliknande uttrykk, og dermed fekk orda òg ny bøyning.

Ein del ord på *-ing* og *-ning* som hadde vore berre hankjønn eller berre hokjønn, fekk valfritt han- eller hokjønn, t.d.:

Før:	(ei) <i>strekning</i>	<i>strekninga</i> [<i>strekningi</i>] ☹	<i>strekningar</i>	<i>strekningane</i>
------	-----------------------	--	--------------------	---------------------

Etter: (ei) *strekning* *strekninga* *strekningar* *strekningane*
eller (ein) *strekning* ★ *strekningen* ★ *strekningar* *strekningane*

Før: (ein) *bygning* *bygningen* *bygningar* *bygningane*

Etter: (ein) *bygning* *bygningen* *bygningar* *bygningane*
eller (ei) *bygning* ★ *bygninga* ★ *bygningar* *bygningane*

Liksom *strekning* fekk t.d. *demning* og *festning* hankjønn i tillegg til hokjønn. Liksom *bygning* fekk t.d. *frysning*, *kledning*, *krusning*, *ladning*, *leidning*, *munning* og *spenning* hokjønn i tillegg til hankjønn.

Ein del ord som endar på *-sel* eller *-sle*, hadde vore berre hokjønn. Dei vart verande hokjønn når dei endar på *-sle*, men vart hankjønn når dei endar på *-sel*:

Før: (ei) *ferdsel* ☹ *ferdsla* (Dette er abstrakte ord
(ei) *ferdsle* [*ferdsli*] ☹ som sjeldan står i fleirtal.)

Etter: (ein) *ferdsel* ★ *ferdselen* ★
eller (ei) *ferdsle* *ferdsla*

Liksom *ferdsel* vart t.d. *blygsel*, *gløymse*, *gøymse*, *høyrse* og *trengse* hankjønn, medan tilsvarande ord på *-sle* vart verande hokjønn.

Mellom ord på *-skap* som er danna på basis av substantiv, var det ein del som hadde vore berre hankjønn, som no vart valfritt hankjønn eller inkjekjønn. Det gjaldt slike som skildrar ei rolle eller eit fenomen, t.d. *forfattarskap*:

Før: (ein) *forfattarskap* *forfattarskapen* *forfattarskapar* *forfattarskapane*

Etter: (ein) *forfattarskap* *forfattarskapen* *forfattarskapar* *forfattarskapane*
eller (eit) *forfattarskap* ★ *forfattarskapet* ★ *forfattarskap* ★ *forfattarskapa* ★

Tilsvarande ord på *-skap* som skildrar eit organ eller ein institusjon (f.eks. *ekteskap*), skulle framleis vere berre inkjekjønn. Ord på *-skap* danna av adjektiv eller verb (f.eks. *vrangskap*) og *buskap* og *vitskap* skulle framleis vere berre hankjønn.

Ord på *-lekt* med tydinga 'språkleg varietet' hadde vore berre hankjønn, men vart no valfritt hankjønn eller hokjønn.

Før: (ein) *dialekt* *dialekten* *dialektar* *dialektane*

Etter: (ein) *dialekt* *dialekten* *dialektar* *dialektane*
eller (ei) *dialekt* ★ *dialekta* ★ *dialekter* ★ *dialektene* ★

2.2 Verb

2.2.1 Infinitiv

A-infinitiv og e-infinitiv hadde vore hovudformer, medan kløyvd infinitiv hadde vore sideform. Alle tre vart ståande i rettskrivinga.

I den gamle rettskrivinga hadde ein innanfor kløyvd infinitiv kunna fordele *a*- og *e*-endingane i samsvar med dialekten sin, men i den nye rettskrivinga vart endingane fordelte etter heilt faste reglar: Dersom ein brukte kløyvd infinitiv, skulle det heite *vera* og ikkje *vere*, *finne* og ikkje *finna* osv. Ordbøker opplyser om korleis fordelinga skal vere.

Før:	<i>kasta</i>	<i>bora</i>	<i>finna</i>	<i>vera</i>
eller	<i>kaste</i>	<i>bore</i>	<i>finne</i>	<i>vere</i>
eller ☺	[<i>kaste</i>	<i>bora</i>	<i>finne</i>	<i>vera</i>]

Etter:	<i>kasta</i>	<i>bora</i>	<i>finna</i>	<i>vera</i>
eller	<i>kaste</i>	<i>bore</i>	<i>finne</i>	<i>vere</i>
eller ☺	<i>kaste</i>	<i>bora</i>	<i>finne</i>	<i>vera</i>

2.2.2 Passiv og andre former på *-st*

Sideformene på [*-s*] gjekk ut, slik at berre formene på *-st* vart ståande. Dei fleste slike former er passiv, som vanlegvis berre er brukt i infinitiv etter modalt hjelpeverb, t.d. *skal/bør/må/kan kastast*:

Før:	<i>kastast</i>
	[<i>kastas</i>] ☹

Etter:	<i>kastast</i>
--------	----------------

Endringa gjaldt dessutan ein del verb som òg har andre former enn infinitiv:

Før:	<i>treffast</i>	<i>treffest</i>	<i>treftest</i>	<i>trefst</i>
eller	[<i>treffas</i>] ☹	[<i>treffes</i>] ☹	[<i>treftes</i>] ☹	[<i>trefs</i>] ☹
	<i>finnast</i>	<i>finst</i>	<i>fanst</i>	<i>funnest</i>
		[<i>finnest</i>] ☹		<i>funnist</i> ☹
eller	[<i>finnas</i>] ☹	[<i>fins</i>] ☹	[<i>fans</i>] ☹	[<i>funnes</i>] ☹
		[<i>finnes</i>] ☹		[<i>funnis</i>] ☹
Etter:	<i>treffast</i>	<i>treffest</i>	<i>treftest</i>	<i>trefst</i>
	<i>finnast</i>	<i>finst</i>	<i>fanst</i>	<i>funnest</i>

2.2.3 Sterke verb

I alle verb med regelrett sterk bøyning vart formene på [-er] i presens og -i i supinum strokne, t.d.:

Før:	<i>bita/bite</i>	<i>bit</i> [biter] ☹	<i>beit</i>	<i>bite</i> biti ☹
	<i>sova/sove</i>	<i>søv</i> [søver] ☹	<i>sov</i>	<i>sove</i> sovi ☹

Etter:	<i>bita/bite</i>	<i>bit</i>	<i>beit</i>	<i>bite</i>
	<i>sova/sove</i>	<i>søv</i>	<i>sov</i>	<i>sove</i>

Infinitivar i 2. klasse med *jo* eller *ju* som alternativ til *y* vart strokne; det gjaldt [*bjoda, bjode*], [*gjosa, gjose*], [*gjota, gjote*], [*ljota/ljote, sjoda/sjode, [skjota, skjote]*], [*ljuga/ljuge*]. (Derimot vart *juge* teke inn som regelrett *e*-verb.)

2.2.4 A-verb

Bøyinga av *a*-verb vart ikkje endra:

Uendra:

<i>kasta/kaste</i>	<i>kastar</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
--------------------	---------------	--------------	--------------

2.2.5 Andre svake verb

For verb der infinitiv og presens hadde hatt hovudformer med *gj* og *kj* og sideformer utan *j*, vart begge formtypene ståande. (Substantiv på -*ing* som er avleidde av slike verb, skulle framleis vere utan *j*: *bygging, tenking*.)

Før:	<i>tenkja/tenkje</i>	<i>tenkjer</i>	<i>tenkte</i>	<i>tenkt</i>
eller	[<i>tenka/tenke</i>] ☺	[<i>tenker</i>] ☺	<i>tenkte</i>	<i>tenkt</i>
	<i>byggja/byggje</i>	<i>byggjer</i>	<i>bygde</i>	<i>bygd</i> <i>bygt</i>
eller	[<i>bygga/bygge</i>] ☺	[<i>bygger</i>] ☺	<i>bygde</i>	<i>bygd</i> <i>bygt</i>

Etter:	<i>tenka/tenke</i> ☺	<i>tenker</i> ☺	<i>tenkte</i>	<i>tenkt</i>
eller	<i>tenkja/tenkje</i>	<i>tenkjer</i>	<i>tenkte</i>	<i>tenkt</i>
	<i>bygga/bygge</i> ☺	<i>bygger</i> ☺	<i>bygde</i>	<i>bygd</i> <i>bygt</i>
eller	<i>byggja/byggje</i>	<i>byggjer</i>	<i>bygde</i>	<i>bygd</i> <i>bygt</i>

Nokre særtilfelle var *fylgje, syrgje* og *lægje*, som skulle ha obligatorisk *j*. (Derimot skulle *j*-en vere valfri i *følg(j)e* og *sørg(j)e*), i samsvar med hovudregelen.) Verbet *ønsk(j)e* (som òg kan heite *ynsk(j)e*) vart valfritt med eller utan *j*:

Før:

<i>ønskja/ønskje</i>	<i>ønskjer</i>	<i>ønskte</i>	<i>ønskt</i>
----------------------	----------------	---------------	--------------

Etter:

<i>ønska/ønske</i> ★	<i>ønsker</i> ★	<i>ønskte</i>	<i>ønskt</i>
----------------------	-----------------	---------------	--------------

eller

<i>ønskja/ønskje</i>	<i>ønskjer</i>	<i>ønskte</i>	<i>ønskt</i>
----------------------	----------------	---------------	--------------

For *e*-verba³ og *j*-verba⁴ vart det elles nokså mange innstrammingar i fordelinga av *d* og *t* i preteritum, supinum⁵ og perfektum partisipp. Her vart *j*-verba normerte for seg, medan *e*-verba vart normerte ut frå korleis stammen endar. Dette er detaljert omtalt nedanfor.

Klassen av *j*-verb fekk i dei fleste tilfelle preteritum på *-de* (*[-te]* gjekk ut). (Unntak var ord med stammeutlyd på ustemd konsonant, men alle regelrette ord av denne typen er svært sjeldne.) Supinum skulle i dei fleste tilfelle ende på *-t* (*[-d]* eller *-d* gjekk ut); unntak var ord med stammeutlyd på *v*, og det finst berre eitt slikt som er vanleg brukt, nemleg *krevje*.

Før:	<i>velja/velje</i>	<i>vel</i>	<i>valde</i> <i>[valte]</i> ☹	<i>valt</i> <i>[vald]</i> ☹
	<i>symja/symje</i>	<i>sym</i>	<i>sumde</i> <i>[sumte]</i> ☹	<i>sumt</i> <i>[sumd]</i> ☹
	<i>krevja/krevje</i>	<i>krev</i>	<i>kravde</i>	<i>kravd</i> <i>kravt</i>

Etter:	<i>velja/velje</i>	<i>vel</i>	<i>valde</i>	<i>valt</i>
	<i>symja/symje</i>	<i>sym</i>	<i>sumde</i>	<i>sumt</i>
	<i>krevja/krevje</i>	<i>krev</i>	<i>kravde</i>	<i>kravd</i> <i>kravt</i>

Som før vart fordelinga av *d* og *t* i endingane i preteritum og supinum av *e*-verb regulert etter stammeutlyden, men etter noko strammare reglar enn før. Vi går ikkje i kvart tilfelle inn på kor innstrammingane kom; alt går heller ikkje fram av døma. Etter endringa fekk ein fire typar:

- (a) preteritum med *d*, supinum med *d/t*
- (b) preteritum med *d*, supinum med *t*
- (c) preteritum med *d/t*, supinum med *t*
- (d) preteritum med *t*, supinum med *t*

(a) Denne klassen skulle ha preteritum med *d* og supinum med *d* eller *t*. Slik bøyning fekk:

- verb på *-V* (vokal)
- verb på *-v*
- verb på *-d* (med unntak av *-ld*, *-nd*, *-rd*)
- verb på *-g* (med unntak av *-ng*)

Uendra:	<i>sy</i>	<i>syр</i>	<i>sydde</i>	<i>sydd</i> <i>sytt</i>
	<i>greia/greie</i>	<i>greier</i>	<i>greidde</i>	<i>greidd</i> <i>greitt</i>
	<i>leva/leve</i>	<i>lever</i>	<i>levde</i>	<i>levd</i> <i>levt</i>

(b) Denne klassen skulle ha preteritum med *d* og supinum med *t*. Slik bøyning fekk:

- verb på *-ld, -nd, -rd*
- verb på *-ng*
- verb på *-gl*
- verb på *-gn, -mn*
- verb på *-øym, -øyn, -øyr*

Før:	<i>melda/melde</i>	<i>melder</i>	<i>melde</i> <i>[meldte]</i> ☹	<i>meldt</i> <i>[meld]</i> ☹
	<i>ringja/ringje</i>	<i>ringjer</i>	<i>ringde</i> <i>[ringte]</i> ☹	<i>ringt</i> <i>[ringd]</i> ☹
eller	<i>[ringa/ringe]</i> ☺	<i>[ringer]</i> ☺	<i>ringde</i> <i>[ringte]</i> ☹	<i>ringt</i> <i>[ringd]</i> ☹
	<i>løyna/løyne</i>	<i>løyner</i>	<i>løynde</i> <i>[løynte]</i> ☹	<i>løynt</i> <i>[løynd]</i> ☹

Etter:	<i>melda/melde</i>	<i>melder</i>	<i>melde</i>	<i>meldt</i>
	<i>ringa/ringe</i> ☺	<i>ringer</i> ☺	<i>ringde</i>	<i>ringt</i>
eller	<i>ringja/ringje</i>	<i>ringjer</i>	<i>ringde</i>	<i>ringt</i>
	<i>løyna/løyne</i>	<i>løyner</i>	<i>løynde</i>	<i>løynt</i>

(c) Denne klassen skulle ha preteritum med *d* eller *t* og supinum med *t*. Slik bøyning fekk:

- verb på *-m* (med unntak av *-øym*)
- verb på *-enn*

Før:	<i>skremma/skremme</i>	<i>skremmer</i>	<i>skremde</i> <i>[skremte]</i> ☺	<i>skremt</i> <i>[skremd]</i> ☹
	<i>brenna/brenne</i>	<i>brenner</i>	<i>brende</i> <i>[brente]</i> ☺	<i>brent</i> <i>[brend]</i> ☹

Etter:	<i>skremma/skremme</i>	<i>skremmer</i>	<i>skremde</i> <i>skremte</i> ☺	<i>skremt</i>
	<i>brenna/brenne</i>	<i>brenner</i>	<i>brende</i> <i>brente</i> ☺	<i>brent</i>

(d) Denne klassen skulle ha preteritum med *t* og supinum med *t*. Slik bøyning fekk:

- verb på ustemd konsonant
- verb på *-l* (med unnatak av *-gl*)
- verb på *-r* (med unnatak av *-øyr*)
- verb på *-n* (med unnatak av *-gn, -mn, -øyn, -enn*)

Før:

<i>visa/vise</i>	<i>viser</i>	<i>viste</i>	<i>vist</i>
<i>smila/smile</i>	<i>smiler</i>	<i>smilte</i>	<i>smilt</i>
<i>læra/lære</i>	<i>lærer</i>	<i>lærde</i> ☒	<i>lært</i>
		<i>lærte</i>	<i>[lærd]</i> ☒
<i>syna/syne</i>	<i>syner</i>	<i>synte</i>	<i>synt</i>

Etter:

<i>visa/vise</i>	<i>viser</i>	<i>viste</i>	<i>vist</i>
<i>smila/smile</i>	<i>smiler</i>	<i>smilte</i>	<i>smilt</i>
<i>læra/lære</i>	<i>lærer</i>	<i>lærte</i>	<i>lært</i>
<i>syna/syne</i>	<i>syner</i>	<i>synte</i>	<i>synt</i>

2.2.6 Tilhøvet mellom *a*-verb og *e*-verb

For verb med valfri *a*- eller *e*-bøying hadde såkalla blanda bøying (med kombinasjon av *a*-bøying i presens og *e*-bøying i preteritum og supinum / perfektum partisipp) vore sideform. Denne bøyinga vart ståande.

Før:

<i>bruka/bruke</i>	<i>brukar</i>	<i>bruka</i>	<i>bruka</i>
eller	<i>bruka/bruke</i>	<i>bruker</i>	<i>brukte</i>
eller ☺	<i>[bruka/bruke</i>	<i>brukar</i>	<i>brukte</i>
			<i>brukt]</i>

Etter:

<i>bruka/bruke</i>	<i>brukar</i>	<i>bruka</i>	<i>bruka</i>
eller	<i>bruka/bruke</i>	<i>bruker</i>	<i>brukte</i>
eller ☺	<i>bruka/bruke</i>	<i>brukar</i>	<i>brukte</i>
			<i>brukt</i>

Nokre verb, som *leie*, fekk *a*-bøying som alternativ til *e*-bøying. Desse verba fekk òg blanda bøying.

Før:

<i>leia/leie</i>	<i>leier</i>	<i>leidde</i>	<i>leidd</i>
			<i>leitt</i>

Etter:

<i>leia/leie</i>	<i>leier</i>	<i>leidde</i>	<i>leidd</i>
			<i>leitt</i>
eller	<i>leia/leie</i>	<i>leiar</i> ★	<i>leia</i> ★
eller	<i>leia/leie</i>	<i>leiar</i> ★	<i>leidde</i>
			<i>leidd</i>
			<i>leitt</i>

Tilsvarande endring med ny *a*-bøying fekk *brøyte*, *gremme*, *drønne*, *dønne* og *stønne*. (Dei tre siste hadde vore sideformer av *drynje*, *dynje* og *stynje*, som er *j*-verb.)

Omvendt fekk eitt verb *e*-bøying og blanda bøying som alternativ til *a*-bøying:

Før:

<i>trena/trene</i>	<i>trenar</i>	<i>trena</i>	<i>trena</i>
--------------------	---------------	--------------	--------------

Etter:

<i>trena/trene</i>	<i>trenar</i>	<i>trena</i>	<i>trena</i>
--------------------	---------------	--------------	--------------

eller

<i>trena/trene</i>	<i>trener</i> ★	<i>trente</i> ★	<i>trent</i> ★
--------------------	-----------------	-----------------	----------------

eller

<i>trena/trene</i>	<i>trenar</i>	<i>trente</i> ★	<i>trent</i> ★
--------------------	---------------	-----------------	----------------

Eitt verb miste gammal *a*-bøying (og blanda bøying) og fekk berre *e*-bøying (som òg vart stramma inn i konsonantismen, jf. avsnitt 2.2.5):

Før:

<i>lima/lime</i>	<i>limar</i> ☹	<i>lima</i> ☹	<i>lima</i> ☹
------------------	----------------	---------------	---------------

eller

<i>lima/lime</i>	<i>limer</i>	<i>limte</i>	<i>limt</i>
		<i>[limde]</i> ☹	<i>[limd]</i> ☹

eller

<i>lima/lime</i>	<i>limar</i>	<i>limte</i>	<i>limt</i>
		<i>[limde]</i> ☹	<i>[limd]</i> ☹

Etter:

<i>lima/lime</i>	<i>limer</i>	<i>limte</i>	<i>limt</i>
------------------	--------------	--------------	-------------


2.2.7 Samsvarsbøying av perfektum partisipp

For sterke verb vart samsvarsbøying av regelrette sterke perfektum partisipp obligatorisk i både predikativisk og attributiv bruk. Dette var som i den gamle læreboknormalen (medan reglane for svake partisipp følgde den gamle vide rettskrivinga, jf. nedanfor). Predikativisk og attributivt brukt sterkt partisipp fekk dermed heilt like former. Ei endring var at forma på *[-i]* i ubestemt eintal hokjønn vart teken ut, og som nemnt i avsnitt 2.2.3 vart forma med *-i* i supinum (= ubestemt eintal inkjekjønn av partisippet) teken ut.

Samsvarsbøyinga av partisipp av sterke verb var definert av tre reglar:

1. Ubestemt eintal inkjekjønn er lik supinum.
2. Ubestemt eintal han- og hokjønn er lik supinum pluss *-n*.
3. Fleirtal og bestemt form er lik supinum med endring av *-e* til *-ne*.

Figuren nedanfor syner dette for verbet *skrive*. (Dersom verbstammen endar på *n*, er dei to siste formene like, t.d. *eit funne svar*, *det funne svaret*.)



Predikativisk bruk:

	(<i>Romanen blei</i>)	(<i>Boka blei</i>)	(<i>Brevet blei</i>)	(<i>Bøkene blei</i>)	
Før:	<i>skreven</i>	<i>skreven</i>	<i>skrive</i>	<i>skrivne</i>	(med samsvarsbøying)
	[<i>skrive</i>] ✘	[<i>skrive</i>] ✘	<i>skrive</i>	[<i>skrive</i>] ✘	(utan samsvarsbøying)
	[<i>skrivi</i>] ✘	[<i>skrivi</i>] ✘	<i>skrive</i>	[<i>skrive</i>] ✘	

	(<i>Romanen blei</i>)	(<i>Boka blei</i>)	(<i>Brevet blei</i>)	(<i>Bøkene blei</i>)	
Etter:	<i>skreven</i>	<i>skreven</i>	<i>skrive</i>	<i>skrivne</i>	(med samsvarsbøying)

Attributiv bruk (med samsvarsbøying):


	(<i>ein godt</i>)	(<i>ei godt</i>)	(<i>eit godt</i>)	(<i>godt</i>)
Før:	<i>skreven (roman)</i>	<i>skreven (bok)</i>	<i>skrive (brev)</i>	<i>skrivne (bøker)</i>
		[<i>skrivi</i>] ✘	<i>skrive</i>	[<i>skrive</i>] ✘
		[<i>skrivi</i>] ✘	<i>skrive</i>	[<i>skrive</i>] ✘
Etter:	(<i>ein godt</i>)	(<i>ei godt</i>)	(<i>eit godt</i>)	(<i>godt</i>)
	<i>skreven (roman)</i>	<i>skreven (bok)</i>	<i>skrive (brev)</i>	<i>skrivne (bøker)</i>

I motsetning til sterke verb fekk *e*-verb og *j*-verb val mellom tradisjonell samsvarsbøying og ikkje samsvarsbøying av perfektum partisipp i predikativisk bruk. I attributiv bruk fekk partisippet samsvarsbøying. Dette var som i den gamle vide rettskrivinga (medan reglane for sterke partisipp følgde den gamle læreboknormalen, jf. ovanfor). Sjølve reglane for korleis ein dannar samsvarsbøygde former, var uendra.⁶ Men pga. dei generelle innstrammingane i fordelinga av *d* og *t* (sjå avsnitt 2.2.5) var det òg innstrammingar i samsvarsbøyinga.

Samsvarsbøyinga av partisipp av *e*-verb og *j*-verb var definert av tre reglar:

1. Ubestemt eintal inkjekjønn er lik supinum.
2. Ubestemt eintal han- og hokjønn er lik preteritum minus *-e*.
3. Fleirtal og bestemt form er lik preteritum.

Figuren nedanfor syner dette for verbet *velje*. (Dersom preteritum og supinum har same konsonantisme (t.d. *kjøpte* og *kjøpt*), er dei to første formene like, t.d. *ei kjøpt bok*, *eit kjøpt hus*.)



Nedanfor er det fullstendige oversyn for dei fire verbklassane (jf. avsnitt 2.2.5):

- (a) preteritum med *d*, supinum med *d/t*
- (b) preteritum med *d*, supinum med *t*
- (c) preteritum med *d/t*, supinum med *t*
- (d) preteritum med *t*, supinum med *t*

Merk at alt som står om det nye systemet i oversyna nedanfor, kan avleiaast av det som er gjort greie for her ovanfor! (Markeringane av kva former som vart ståande eller gjekk ut, skal forståast som avgrensa til det verbet som er brukt som døme.)

- (a) Verb med preteritum med *d* og supinum med *d/t*, t.d. *bygde* og *bygd/bygt*

Predikativisk bruk:

	(<i>Båten blei</i>)	(<i>Hytta blei</i>)	(<i>Huset blei</i>)	(<i>Husa blei</i>)	
Før:	<i>bygd</i>	<i>bygd</i>	<i>bygd</i> <i>bygt</i>	<i>bygde</i>	(med samsvarsbøying)
	<i>bygd</i> <i>[bygt] ☺</i>	<i>bygd</i> <i>[bygt] ☺</i>	<i>bygd</i> <i>bygt</i>	<i>[bygd] ☺</i> <i>[bygt] ☺</i>	(utan samsvarsbøying)

	(<i>Båten blei</i>)	(<i>Hytta blei</i>)	(<i>Huset blei</i>)	(<i>Husa blei</i>)	
Etter:	<i>bygd</i>	<i>bygd</i>	<i>bygd</i> <i>bygt</i>	<i>bygde</i>	(med samsvarsbøying)
	<i>bygd</i> <i>bygt ☺</i>	<i>bygd</i> <i>bygt ☺</i>	<i>bygd</i> <i>bygt</i>	<i>bygd ☺</i> <i>bygt ☺</i>	(utan samsvarsbøying)

Attributiv bruk (med samsvarsbøying):

Uendra:	(<i>ein godt</i>)	(<i>ei godt</i>)	(<i>eit godt</i>)	(<i>godt</i>)
	<i>bygd (båt)</i>	<i>bygd (hytte)</i>	<i>bygd (hus)</i>	<i>bygde (hus)</i> <i>bygt</i>

- (b) Verb med preteritum med *d* og supinum med *t*, t.d. *løynde* og *løynt*
(Gammal preteritum var *løynde* [*løynte*], og gammalt supinum var *løynt* [*løynd*].)

Predikativisk bruk:

	(Mynten blei)	(Pæra blei)	(Brevet blei)	(Breva blei)	
Før:	<i>løynd</i> [løynt] ☹	<i>løynd</i> [løynt] ☹	<i>løynt</i> [løynd] ☹	<i>løynde</i> [løynte] ☹	(med samsvarbøying)
	<i>løynd</i> [løynt] ☹	<i>løynd</i> [løynt] ☹	<i>løynt</i> [løynd] ☹	<i>løynt</i> ☹	(utan samsvarbøying)
	<i>løynd</i> [løynt] ☹	<i>løynd</i> [løynt] ☹	<i>løynt</i> [løynd] ☹	<i>løynde</i> [løynte] ☹	
	<i>løynt</i> ☹	<i>løynt</i> ☹	<i>løynt</i> [løynd] ☹	<i>løynt</i> ☹	

Attributiv bruk (med samsvarbøying):

Før:	(<i>ein godt</i>) <i>løynd (mynt)</i> [løynt] ☹	(<i>ei godt</i>) <i>løynd (pære)</i> [løynt] ☹	(<i>eit godt</i>) <i>løynt (brev)</i> [løynd] ☹	(<i>godt</i>) <i>løynte (brev)</i> [løynte] ☹
Etter:	(<i>ein godt</i>) <i>løynd (mynt)</i>	(<i>ei godt</i>) <i>løynd (pære)</i>	(<i>eit godt</i>) <i>løynt (brev)</i>	(<i>godt</i>) <i>løynde (brev)</i>

(c) Verb med preteritum med *d/t* og supinum med *t*, t.d. *skremde/skremte* og *skremt* (Gammal preteritum var *skremde* [skremte], og gammalt supinum var *skremt* [skremd].)

Predikativisk bruk:

	(Guten blei)	(Jenta blei)	(Barnet blei)	(Barna blei)	
Før:	<i>skremd</i> [skremt] ☹	<i>skremd</i> [skremt] ☹	<i>skremt</i> [skremd] ☹	<i>skremde</i> [skremte] ☹	(med samsvarbøying)
	<i>skremd</i> [skremt] ☹	<i>skremd</i> [skremt] ☹	<i>skremt</i> [skremd] ☹	<i>skremt</i> [skremd] ☹	(utan samsvarbøying)
	<i>skremd</i> [skremt] ☹	<i>skremd</i> [skremt] ☹	<i>skremt</i> [skremd] ☹	<i>skremde</i> [skremte] ☹	
	<i>skremt</i> ☹	<i>skremt</i> ☹	<i>skremt</i> [skremd] ☹	<i>skremte</i> ☹	
	<i>skremt</i> ☹	<i>skremt</i> ☹	<i>skremt</i> [skremd] ☹	<i>skremt</i> ☹	

Attributiv bruk (med samsvarbøying):

Før:	(<i>ein</i>) <i>skremd (gut)</i> [skremt] ☹	(<i>ei</i>) <i>skremd (jente)</i> [skremt] ☹	(<i>eit</i>) <i>skremt (barn)</i> [skremd] ☹	<i>skremde (barn)</i> [skremte] ☹
Etter:	(<i>ein</i>) <i>skremd (gut)</i> [skremt] ☹	(<i>ei</i>) <i>skremd (jente)</i> [skremt] ☹	(<i>eit</i>) <i>skremt (barn)</i> [skremd] ☹	<i>skremde (barn)</i> [skremte] ☹

(d) Verb med preteritum med *t* og supinum med *t*, t.d. *kjøpte* og *kjøpt*

Predikativisk bruk:

	(<i>Båten blei</i>)	(<i>Hytta blei</i>)	(<i>Huset blei</i>)	(<i>Husa blei</i>)	
Før:	<i>kjøpt</i>	<i>kjøpt</i>	<i>kjøpt</i>	<i>kjøpte</i>	(med samsvarsbøying)
	<i>kjøpt</i>	<i>kjøpt</i>	<i>kjøpt</i>	[<i>kjøpt</i>] ☺	(utan samsvarsbøying)

	(<i>Båten blei</i>)	(<i>Hytta blei</i>)	(<i>Huset blei</i>)	(<i>Husa blei</i>)	
Etter:	<i>kjøpt</i>	<i>kjøpt</i>	<i>kjøpt</i>	<i>kjøpte</i>	(med samsvarsbøying)
	<i>kjøpt</i>	<i>kjøpt</i>	<i>kjøpt</i>	<i>kjøpt</i> ☺	(utan samsvarsbøying)

Attributiv bruk (med samsvarsbøying):

Uendra:	(<i>ein billig</i>)	(<i>ei billig</i>)	(<i>eit billig</i>)	(<i>billig</i>)
	<i>kjøpt (båt)</i>	<i>kjøpt (hytte)</i>	<i>kjøpt (hus)</i>	<i>kjøpte (hus)</i>

2.2.8 Enkeltverb

Ein del enkeltverb fekk endra bøying.

For *sette* og *sitte* vart *j*-laus infinitiv med *tt* ståande, men andre sideformer med *tt* gjekk ut:

Før:	<i>setja/setje</i>	<i>set</i>	<i>sette</i>	<i>sett</i>
	[<i>setta/sette</i>] ☺	[<i>sett</i>] ☹		
	<i>sitja/sitje</i>	<i>sit</i>	<i>sat</i>	<i>sete</i>
	[<i>sitta/sitte</i>] ☺	[<i>siter</i>] ☹	[<i>satt</i>] ☹	<i>seti</i> ☹
		[<i>sitt</i>] ☹		
		[<i>sitter</i>] ☹		

Etter:	<i>setja/setje/</i>	<i>set</i>	<i>sette</i>	<i>sett</i>
	<i>setta/sette</i> ☺			
	<i>sitja/sitje/</i>	<i>sit</i>	<i>sat</i>	<i>sete</i>
	<i>sitta/sitte</i> ☺			

Ei mengde gamle sideformer vart fjerna for *få*, *gå* og *stå*:

Før:	<i>få</i>	<i>får</i>	<i>fekk</i>	<i>fått</i>
		[<i>fær</i>] ☹	[<i>fikk</i>] ☹	[<i>fenge</i>] ☹
				[<i>fengi</i>] ☹
	<i>gå</i>	<i>går</i>	<i>gjekk</i>	<i>gått</i>
			[<i>gikk</i>] ☹	
eller	[<i>ganga/gange</i>] ☹	[<i>gjeng</i>] ☹	<i>gjekk</i>	[<i>gjenge</i>] ☹
		[<i>gjenger</i>] ☹		[<i>gjengi</i>] ☹
	<i>stå</i>	<i>står</i>	<i>stod</i>	<i>stått</i>
			[<i>sto</i>] ☹	
eller	[<i>standa/stande</i>] ☹	[<i>stend</i>] ☹	<i>stod</i>	[<i>stade</i>] ☹
		[<i>stender</i>] ☹		[<i>stadi</i>] ☹

Etter:	<i>få</i>	<i>får</i>	<i>fekk</i>	<i>fått</i>
	<i>gå</i>	<i>går</i>	<i>gjekk</i>	<i>gått</i>
	<i>stå</i>	<i>står</i>	<i>stod</i>	<i>stått</i>

For *slå* og *slåst* vart presens med *æ* fjerna, i tillegg til at fleire andre former gjekk ut:

Før:	<i>slå</i>	<i>slår</i> [slær] ☹	<i>slo</i>	<i>slått</i> <i>slege</i> <i>slegi</i> ☹
	<i>slåst</i>	<i>slåst</i> [slæst] ☹	<i>slost</i>	<i>slåst</i> <i>slegest</i> <i>slegist</i> ☹
eller	[slåss] ☹	[slæss] ☹	[sloss] ☹	[slåss] ☹ [sleges] ☹ [slegis] ☹

Etter:	<i>slå</i>	<i>slår</i>	<i>slo</i>	<i>slått</i> <i>slege</i>
	<i>slåst</i>	<i>slåst</i>	<i>slost</i>	<i>slåst</i> <i>slegest</i>

Lange infinitivar vart fjerna ved *ha*:

Før:	<i>ha/</i> <i>hava/have</i> ☹	<i>har</i>	<i>hadde</i>	<i>hatt</i>
------	----------------------------------	------------	--------------	-------------

Etter:	<i>ha</i>	<i>har</i>	<i>hadde</i>	<i>hatt</i>
--------	-----------	------------	--------------	-------------

Lange preteritumsformer vart fjerna ved *legge* og *seie*:

Før:	<i>leggja/leggje</i> [legga/legge] ☺	<i>legg</i>	<i>la</i>	<i>lagt</i> <i>lagde</i> ☹
	<i>seia/seie</i>	<i>seier</i>	<i>sa</i>	<i>sagt</i> <i>sagde</i> ☹

Etter:	<i>legga/legge</i> ☺/ <i>leggja/leggje</i>	<i>legg</i>	<i>la</i>	<i>lagt</i>
	<i>seia/seie</i>	<i>seier</i>	<i>sa</i>	<i>sagt</i>

Vekse fekk ei ny preteritumsform:

Før:	<i>vekse/vekse</i>	<i>veks</i> [vekser] ☹	<i>voks</i>	<i>vakse</i> <i>vaksi</i> ☹
------	--------------------	---------------------------	-------------	--------------------------------

Etter:	<i>vekse/vekse</i>	<i>veks</i>	<i>vaks</i> ★	<i>vakse</i> <i>voks</i>
--------	--------------------	-------------	---------------	-----------------------------

Nyte fekk ei ny uregelrett form i supinum:

Før:	<i>nyta/nyte</i>	<i>nyt</i> [nyter] ☹	<i>naut</i>	<i>note</i> noti ☹
------	------------------	-------------------------	-------------	-----------------------

Etter:	<i>nyta/nyte</i>	<i>nyt</i>	<i>naut</i>	<i>note</i> nytt ★
--------	------------------	------------	-------------	-----------------------

Verba *tre* og *trå* fekk sterkt forenkla bøyning og vart reine kortverb med *e*-bøyning:

Før:	<i>tre/</i> <i>treda/trede</i> ☹	<i>trer</i> <i>tred</i> ☹ [treder] ☹	<i>tro</i> ☹ <i>trod</i> ☹	<i>trede</i> ☹ <i>tredi</i> ☹
eller	<i>tre</i>	<i>trer</i>	<i>tredde</i>	<i>tredd</i> <i>tredt</i> ☹
	<i>trå</i>	<i>trår</i> [trær] ☹	<i>trådde</i>	<i>trådd</i> <i>trått</i>
eller	<i>trå</i>	<i>trår</i> [trær] ☹	<i>tro</i> ☹ <i>trod</i> ☹	<i>trede</i> ☹ <i>tredi</i> ☹
Etter:	<i>tre</i>	<i>trer</i>	<i>tredde</i>	<i>tredd</i> <i>trett</i> ★
	<i>trå</i>	<i>trår</i>	<i>trådde</i>	<i>trådd</i> <i>trått</i>

Strekkje fekk fjerna former med *a* i preteritum og supinum:

Før:	<i>strekka/strekke</i> [strekka/strekke] ☺	<i>strekker</i> [strekker] ☺	<i>strakte</i> ☹	<i>strakt</i> ☹
eller	<i>strekka/strekke</i> [strekka/strekke] ☺	<i>strekker</i> [strekker] ☺	<i>strekte</i>	<i>strekt</i>
Etter:	<i>strekka/strekke</i> ☺/ <i>strekka/strekke</i>	<i>strekker</i> ☺/ <i>strekker</i>	<i>strekte</i>	<i>strekt</i>

2.3 Adjektiv og adverb

For dei fleste adjektiv var det ingen endringar i bøyninga. Men adjektiv på *-en* fekk færre former ved at *[-i]* i hokjønn og *-i* i inkjekjønn gjekk ut. Dei gamle sideformene på *[-ent]* vart ståande ved sida av former på *-e* i inkjekjønn.

Før:	<i>open</i>	<i>open</i> [opi] ☹	<i>ope</i> opi ☹ [opent] ☺	<i>opne</i>
	<i>kristen</i>	<i>kristen</i> [kristi] ☹	<i>kriste</i> kristi ☹ [kristent] ☺	<i>kristne</i>

Etter:	<i>open</i>	<i>open</i>	<i>ope</i>	<i>opne</i>
			<i>opent</i> ☺	
	<i>kristen</i>	<i>kristen</i>	<i>kriste</i>	<i>kristne</i>
			<i>kristent</i> ☺	

Det vart fastsett at det ikkje er nødvendig å bruke same inkjekjønnsending (-e eller -ent) i alle slike ord; ein kan t.d. kombinere *ope* og *kristent*.

I komparativ og superlativ vart t.d. formene *bakare*, *bakast*, *bortare*, *innarst* og *yttarst* tekne ut, medan *bakre*, *bakarst*, *bortre*, *inst* og *ytst* vart ståande.

2.4 Pronomen og determinativ

I systemet av personlege pronomen og possessiv gjekk *honom*, [*hennes*] og [*deires*] ut. Som alternativ til *de* og *dykk* vart *dokker* teke inn, og *dykkar* fekk *dokkar* som alternativ. *Dokker* og *dokkar* skulle høyre saman, og det same gjaldt *de*, *dykk* og *dykkar*. Former frå ulike sett skulle ikkje kunne kombinerast. Merk at *dykk* heller ikkje vart innført som alternativ subjektsform til *de*. Det kan no t.d. sjå slik ut:

De må ta med dykk bøkene dykkar.

Dokker må ta med dokker bøkene dokkar.

Før:	<i>eg</i>	<i>meg</i>	<i>min–mi–mitt–mine</i>
	<i>du</i>	<i>deg</i>	<i>din–di–ditt–dine</i>
	<i>han</i>	<i>han</i> <i>honom</i> ☹	<i>hans</i>
	<i>ho</i>	<i>henne</i> <i>ho</i>	<i>hennar</i> [<i>hennes</i>] ☹
	<i>det</i>	<i>det</i>	<i>dess</i>
	<i>me</i> <i>vi</i>	<i>oss</i>	<i>vår–vår–vårt–våre</i>
	<i>de</i>	<i>dykk</i>	<i>dykkar</i>
	<i>dei</i>	<i>dei</i>	<i>deira</i> [<i>deires</i>] ☹

Etter:	<i>eg</i>	<i>meg</i>	<i>min–mi–mitt–mine</i>
	<i>du</i>	<i>deg</i>	<i>din–di–ditt–dine</i>
	<i>han</i>	<i>han</i>	<i>hans</i>
	<i>ho</i>	<i>henne</i> <i>ho</i>	<i>hennar</i>
	<i>det</i>	<i>det</i>	<i>dess</i>
	<i>me</i> <i>vi</i>	<i>oss</i>	<i>vår–vår–vårt–våre</i>
	<i>de</i>	<i>dykk</i>	<i>dykkar</i>
eller	<i>dokker</i> ★	<i>dokker</i> ★	<i>dokkar</i> ★
	<i>dei</i>	<i>dei</i>	<i>deira</i>

Nokre samsvarsbøygde determinativ fekk færre former.

Før:	<i>annan</i>	<i>anna</i>	<i>anna</i>	<i>andre</i>
	[<i>annen</i>] ☞	[<i>onnor</i>] ☞		
	<i>ingen</i>	<i>inga</i>	<i>inkje</i>	<i>ingen</i>
		[<i>ingi</i>] ☞		[<i>ingi</i>] ☞
	<i>nokon</i>	<i>noka</i>	<i>noko</i>	<i>nokon</i>
		[<i>nokor</i>] ☞		<i>nokre</i>
eller	[<i>noen</i>] ☞	[<i>noen</i>] ☞	[<i>noe</i>] ☞	[<i>noen</i>] ☞
	<i>eigen</i>	<i>eiga</i>	<i>eige</i>	<i>eigne</i>
		[<i>eigi</i>]		

Etter:	<i>annan</i>	<i>anna</i>	<i>anna</i>	<i>andre</i>
	<i>ingen</i>	<i>inga</i>	<i>inkje</i>	<i>ingen</i>
	<i>nokon</i>	<i>noka</i>	<i>noko</i>	<i>nokon</i>
				<i>nokre</i>
	<i>eigen</i>	<i>eiga</i>	<i>eige</i>	<i>eigne</i>

Det var òg endringar for tre andre kvantorar: Det skulle heite *mykje* (ikkje *mye*), *tre* (ikkje [*tri*]) og *somme* (ikkje [*sume*]).

2.5 Ulike endringar i suffiks o.l.

I samansette preposisjonar og adverb med føreledd på *-a(n)* hadde fordelinga av *-a* og *-an* vore avhengig av om etterleddet byrjar på vokal eller konsonant (dels med *-til* som unnatak), og av tydinga til føreleddet (himmelretning vs. anna tyding), t.d. *innanfor/innafor*, *innantil/innatil*, *innanom*, *nordafor*, *nordantil/nordatil*, *nordanom*. No vart *-an* gjennomført i alle slike ord: *innanfor*, *innantil*, *innanom*, *nordanfor*, *nordantil*, *nordanom*.

Adjektivsuffikset *-leg* [*-lig*] skulle vere berre *-leg*, t.d. *festleg*, *roleg* (ikkje lenger [*festlig*], [*rolig*]).

Adjektivsuffikset *-et/-ete/-ut* skulle vere berre *-ete*, t.d. *steinete*, *stripete* (ikkje lenger *steinet*, *steinut*, *stripet*, *striput*).

Substantivsuffikset *-d* fekk *-de* som alternativ i desse orda: *breidd/breidde*, *høgde/høgde*, *lengd/lengde*, *mengd/mengde*, *vidd/vidde*.

I innbyggjarnemningar med valfritt suffiks *-ar* vart suffikset obligatorisk, t.d. *afghanar* (ikkje lenger *afghan*), *afrikanar* (ikkje lenger *afrikan*).

Adverbsuffikset *-ande/-ende* skulle vere berre *-ande*, t.d. *bekande*, *dyande* (ikkje lenger *bekende*, *dyende*).

Suffikset *-lengs/-lengs* skulle vere berre *-lengs*, t.d. *framlengs*, *sidelengs* (ikkje lenger *framlenges*, *sidelenges*).

2.6 Endringar i vokalismen

Det vart ein del innstrammingar i valfridom mellom vokalar (inkl. diftongar), men dei fleste alternativa frå før reforma vart ståande. (Lista er ikkje fullstendig.)

Variasjon mellom ...	Former som vart ståande eller kom inn	⚡ Former som gjekk ut
a og e	-landsk, framand, harsk, hjarta/hjarte berr, berre, henge, laken, [messing] ☺, sverm trekt/trakt ★	-lendsk, fremmend, hersk, [hjerta/ hjerte] [bar], [bare], hange, [lakan], massing, svarm --
a og o	avund, haldning, harr (fisk), lange (fisk), tann, trapp, vald, valde	[ovund], holdning, horr, lange, [tonn], [tropp], [vold], [volde]
a og æ	arr stær (augesjukdom)	ær star
a og å	drap, kvæ, man (på hest), ramme, skramme måle ('farge')	[dråp], kvåe, [mån], råme, skråme [male]
e og ei	greve peike, treisk	[greive] [peke], [tresk]
e og i	leppe, tre (tal), venstre klippfisk, middel-, middels, siv, stille (verb), -stilling	lippe, [tri], [vinstre] kleppfisk, medel-, medels, sev, stelle, -stelling
e og y	herberge	herbyrge
e og æ	brekte, ese, esing, frese, gjete, kremmar, kresen, kvæde, kven (folkeslag), sete, seter, skremme, sprek, strene hær (armé), sær (-leg, -skild osv.) -vær(e) n. (t.d. samvær/samvære)	[brækie], [æse], [æsing], [fræse], [gjæte], [kræmar], [kræsen], [kvæde], [kvæn], [sæte], [sæter], [skræme], [spræk], [stræne] [her], [ser] osv. -vere f. (t.d. samvere)
e og ø	gjere	[gjøre]
i og o	idrett	[idrott]
i og y	klippe	[klyppe]
o og au	flaum, tau, taum ('snor'), trau	[flom], tog, [tom], trog
o og u	boble, bol (på klesplagg), fomle, grom, komle ★, kompe ★, mog(e)leg, okse, snorke, somle, somme skjul, smult (feitt)	[buble], bul, [fumle], [grum], kumle, kumpe, [muleg], ukse, [snurke], [sumle], [sume] skjol, [smolt]
o og ø	gørr, møll, snørr, nøtt – nøtter, tøffel morr (-pølse)	gor, møl, snør, [nòt – neter], tofle mòr [mørr]
o og å	bråte ('mengd' o.a.), flåte drope, tole	[brote], flòte [dråpe], [tåle]
u og y	burde, skunde styrte, stytte ('korte ned'), syd- (sydfrukt, sydlending, ...), tynn, tynne/tønne	byrje, [skynde] sturte, stutte, sud- (sudfrukt, sudlending, ...), [tunn], [tunne]
u og ø	kløft	kluft
y og jo	tyr Sjå òg avsnitt 2.2.3 om infinitivar av sterke verb i klasse 2.	tjor
y og ø	kløppar	[klyppar]
y og øy	tøy	ty

Variasjon mellom ...	Former som vart ståande eller kom inn	⚡ Former som gjekk ut
æ og å	<i>forrædar</i> <i>låse, måle</i> ('ta mål av')	<i>forrådar</i> <i>læse, mæle</i>
ø og au	<i>draum, straum</i> <i>bønne</i>	<i>[drøm], [strøm]</i> <i>baune</i>
ø og øy	<i>drøyme, døy, fløyme, gløyme, høyre, køyre, røy, røyst, strøyme, trøy, trøyst, trøyt, øyra/øyre</i> (sanseorgan) <i>skjøtte</i>	<i>[drømme], [dø], [flømme], [glømme], høre, kjøre, rør, røst, [strømme], trøst, trøtt, [øra/øre]</i> <i>skøyte</i>
e og ingen vokal (sist i ord eller i fuge)	<i>krønike, pinse, premie, sjappe, truge</i> (f.) <i>blekksprut</i> (m.) <i>appetitleg/appetitteleg</i> ★, <i>makleg/makeleg</i> ★, <i>opphavleg/opphaveleg</i> ★, <i>sjukleg/sjukeleg</i> ★ Sjå òg avsnitt 2.5 om substantiv som <i>breidd/breidde</i> .	<i>krønik, pins, premi, sjapp, trug</i> (m.) <i>blekksprute</i> (f.) --

2.7 Endringar i konsonantismen

Ved variabel konsonantisme vart det òg fjerna nokre former, men ikkje svært mange, bortsett frå ved *m/mm*. (Lista er ikkje fullstendig.)

Variasjon mellom ...	Former som vart ståande	⚡ Former som gjekk ut
d og dd	<i>bedd, middel-, middels</i> <i>nudel</i>	<i>bed, medel-, medels</i> <i>nuddel</i>
g og gg	<i>nag</i>	<i>nagg</i>
k og kk	<i>kvikksølv [kvikksylv]</i> ☺	<i>kviksølv [kviksyly]</i>
l og ll	<i>sprelle</i>	<i>sprele</i>
m og mm	<i>lamme</i> ('gjere lam'), <i>plomme, publikummar, ramme</i> (ulike tydingar), <i>romme, rømme</i> ('flykte'), <i>skramme, skumme, stamme</i> ('stotre'), <i>stramme, somme, tømme</i> ord med enkel <i>m</i> i oppslagsforma, men dobbel <i>mm</i> framfor vokalsuffiks: <i>kram – kramme, lam – lamme, ram – ramme, rom – rommet – romma, skum – skummet, stam – stamme, stram – stramme, tam – tamme, tom – tomme</i> Sjå dessutan avsnitt 2.6 (veksling mellom <i>e</i> og <i>æ</i> , <i>o</i> og <i>au</i> , <i>ø</i> og <i>au</i> , <i>ø</i> og <i>øy</i>).	<i>[lame], [plome], publikumar, [råme], [rome], [røme], skråme, [skume], [stame], [strame], [sume], [tømme]</i> <i>[krame], [lame], [rame], [romet – roma], [skumet], [stame], [strame], [tame], [tome]</i>
n og nn	<i>danne</i> (ut-), <i>linning, trinn</i> <i>hankjønn</i>	<i>dane, lining, trin</i> <i>hankjønn</i>
p og pp	<i>kopar</i> <i>pappa</i>	<i>[koppar]</i> <i>papa</i>
s og ss	<i>kompass</i>	<i>kompas</i>
t og tt	<i>kott, nett, nøtt – nøtter, skjøtte</i> <i>let</i> ('farge')	<i>[kot], [net], [nøt – netter], skøyte</i> <i>lett</i>

Variasjon mellom ...	Former som vart ståande	⚡ Former som gjekk ut
<i>d</i> og ingen konsonant	<i>speide</i> <i>vrien</i>	<i>speie</i> <i>vriden</i>
<i>d/dd</i> og <i>t/dt</i>	<i>flid, modig, sludd, pode</i> <i>midt-, mot</i> ('sinn' o.l.)	<i>flit, motig, slut, pote</i> <i>mid-, mod</i>
<i>g</i> og ingen konsonant	<i>bøying</i> <i>dryge</i> (ut)	<i>bøygning</i> <i>drye</i>
<i>sl</i> og <i>tl</i>	<i>firfisle, rasle, skusle</i> <i>kitlen, litle</i> (av <i>liten</i>)	<i>firføsle/firføtle, ratle, skutle</i> <i>kislen, lisle</i>
<i>kv</i> og <i>v</i>	<i>kvalp/kvelp</i>	[<i>valp</i>]
<i>v</i> og ingen konsonant	<i>skrue</i> (verb og substantiv)	<i>skruve</i>

2.8 Ulike andre endringar

I tillegg til *symje* (*j*-verb) vart *svømme* teke inn i rettskrivinga. Det vart eit regelrett *e*-verb. Nokre andre endringar er lista opp nedanfor. (Lista er ikkje fullstendig.)

Former som vart ståande eller kom inn	⚡ Former som gjekk ut
<i>akter-</i> (<i>akterdekk, akterut, ...</i>), <i>angst</i>	<i>atter-</i> (<i>atterdekk, atterut, ...</i>), <i>angest</i>
<i>babbel, blåst</i>	<i>babl, blåster</i>
<i>drøvel</i>	<i>drøpel</i>
<i>eittøring, ergre</i>	<i>einøring, erge</i>
<i>fennikel, fråitse</i> ★, <i>fylidig, fyrverkeri, føflekk</i>	<i>finkel, fråsse, fyllug, fyrverk, fødeflekk</i>
<i>galskap, gjerrig</i>	<i>galenskap, gjerug</i>
<i>kaldsleg, korleis, krydder</i> (n)	<i>kaldleg, [hoss, hossen, koss], krydd</i> (n)/ <i>krydde</i> (f)
<i>lealaus, lerret</i>	<i>ledlaus/ledalaus, lereft</i>
<i>mast, mildsleg, more</i> (seg), <i>mykje</i> (kvantor)	<i>master, mildleg, moroe</i> (seg), <i>mye</i>
<i>nashorn</i>	<i>nashyrning</i>
<i>okle</i> (f.n.)/ <i>ankel</i> ★ (m.)	--
<i>ongel/angel</i> ★	<i>ongul</i>
<i>rosenkål</i>	<i>rosekål</i>
<i>sidan, sjage, skrog</i> (fly-), <i>sluntre, snylte, sponsor, stylte</i>	<i>sia, skjage, skrov, slunte, snyltre, sponsar, styltre</i>
<i>terskel, tilfeldig, tommelfinger, triks</i>	<i>treskel, tilfelleleg, tumarsfinger, trikk</i>
<i>øgle</i>	<i>ødle</i>

3 Arbeidet med reforma (og litt bakgrunn)

I 1901 fekk landsmålet (frå 1929: nynorsk) si første offisielle rettskriving. Nokre år seinare, i 1907, vart det gjort endringar som skilde riksmålet (frå 1929: bokmål) klart frå dansk. Med det hadde vi fått to norske målformer. To store felles rettskrivingsreformer i 1917 og 1938 førte riksmål/bokmål og landsmål/nynorsk eit godt stykke nærmare kvarandre. Desse reformene var ledd i den offisielle språkpolitikken, som tok sikte på eitt norsk skriftspråk ein gong i framtida (såkalla samnorsk på norsk folkemåls grunn).

Reforma i 1938 introduserte eit skilje mellom ei allmenn rettskriving og ei noko trongare norm for lærebøker, kalla læreboknormal. Dette er tonivåsystemet. Hovudformene høyrde med i både læreboknormal og rettskriving, medan sideformer (klammereformer) ikkje kunne brukast i lærebøker og offentleg språkbruk.

Ei felles reform for bokmål og nynorsk i 1959 bar mest preg av justering av målformene, og i praksis dabba tilnæringspolitikken av i dei følgjande tiåra. Ei reform i bokmål i 1981 førte inn att ein del konservative former som var fjerna i tidlegare reformer (men det var òg ein del endringar i tilnæringsretning).

Den offisielle nynorskrettskrivinga hadde vore nesten uendra sidan 1959, bortsett frå nokre mindre systemjusteringar på 1980- og -90-talet og (om)normering av enkeltord (særleg lånord), jf. t.d. felles endringar med bokmål i 2005. Denne rettskrivinga hadde ein god del valfrie former, både i bøyingsystemet (t.d. *husa [husi], kasta/kaste*) og i enkeltord (t.d. *no [nå], fyrst/først*). Liknande valfridom har ein òg hatt mykje av i bokmål. Denne situasjonen kom i hovudsak av at ein hadde innført nye rettskrivingsformer for å føre bokmål og nynorsk nærmare kvarandre – utan å fjerne dei gamle formene. Men særleg for nynorsk hadde det òg vore eit ønske om at skriftspråket skulle passe til talemålet i store delar av landet, og til det fungerer det betre med fleire former enn med éi.

I den andre halvdel av 1990-talet la Norsk språkråd ned eit stort arbeid i retning av rettskrivingsreform for begge målformene. For bokmål gjekk ein i 2000 inn for å avskaffe tonivåsystemet med skilje mellom læreboknormal og rettskriving. Bokmålsreforma var innretta mot å fjerne lite brukte former, og oftast ville det seie tilnæringsformer. På nynorsksida hadde ein i 1997 gjort eit prinsippvedtak om å utvikle ein stram læreboknormal med få valfrie former, medan rettskrivinga framleis skulle vere vid og eventuelt kunne få inn nye sideformer med stor talemålsutbreiing. Eit framlegg om revidert rettskriving basert på dette vedtaket gjekk til departementet samtidig med framlegget for bokmål. Same år melde Kulturdepartementet at det ikkje ville godkjenne framlegga slik dei førelåg, men bad Norsk språkråd om å arbeide vidare med rettskrivingar for begge målformene. Departementet la særleg vekt på at det skulle greiast grundig ut om ein kunne avvikle tonivåsystemet i nynorsk òg. I tida etter vart det igjen lagt ned eit stort arbeid med nynorsken.

I 2002 vedtok Stortinget at det ikkje lenger skulle vere offisiell politikk å arbeide for tilnærming mellom målformene. Heretter skulle bokmål og nynorsk normerast temmeleg uavhengig av kvarandre. Unødvendige skilnadar skal likevel unngåast, t.d. i normeringa av lånord.

Same året sende Norsk språkråd ut til høyring eit framlegg om ny nynorskrettskriving utan tonivåsystem (i samsvar med ønsket frå departementet): *Nynorskrettskrivinga. Utgreiing om og framlegg til rettskrivinga i nynorsk*.⁷ Det var utarbeidd av ei gruppe under leiing av professor Helge Sandøy. Nokså mykje av det som vart føreslått der, finn ein att i dei endringane som trer i kraft i 2012. Framlegget fekk mykje motbør i høyringsfråsegnene. Norsk språkråd vedtok difor i 2003 å sende inn til departementet eit framlegg om å halde på tonivårettskrivinga med nokre mindre endringar som rådet hadde gått inn for i 2000. Vedtaket vart sendt inn saman med framlegget for bokmål.

I 2004 vart Norsk språkråd avvikla, og i staden kom det nyorganiserte Språkrådet.

I 2005 godkjende Kulturdepartementet ei ny rettskriving for bokmål der tonivåsystemet vart avskaffa. Denne rettskrivinga var i all hovudsak i samsvar med framlegget frå Norsk språkråd frå 2003. Ho vart gjeldande frå 1. juli 2005.

Framlegget for nynorsk vart derimot ikkje godkjent. Departementet meinte at den føreslåtte rettskrivinga ikkje var «avklarande nok til at det i denne omgangen er tilrådeleg å skipla den stabiliteten som gjeldande rettskriving trass alt representerer».

Språkrådet vedtok i 2007 å sette i gang att arbeidet med nynorsknorma. Men arbeidet vart sett på vent inntil Kulturdepartementet i 2009 kom med ei stortingsmelding som gav klarsignal. Ein reformert nynorsk skulle ifølgje meldinga appellere til brukarar i heile landet og måtte ikkje stengje ute mykje brukte former.

16. desember 2009 utnemnde Språkrådet ei nemnd som skulle lage eit framlegg til ny nynorskrettskriving. Framlegget skulle byggje på arbeidet som låg til grunn for 2003-framlegget, og på seinare offentlege drøftingar. Norma skulle avskaffe tonivåsystemet og vere «tydeleg, enkel og stram». Men samtidig skulle ho ha vid geografisk appell og føre vidare mykje brukte former. Nemnda skulle legge fram endeleg innstilling seinast 1. april 2011 med sikte på at ei ny rettskriving skulle gjelde frå 1. august 2012.

Nemnda var samansett av medlemmer med ein brei samla kompetanse i språkvitskap og praktisk røynsle frå målrørsle og nynorskbruk i eige arbeid. Leiar vart Grete Riise (seniorrådgjevar hos Fylkesmannen i Hordaland). Medlemmer vart Unn Røyneland (førsteamanuensis i nordisk språkvitskap), Ragnhild Bjørge (journalist), Tore Elias Hoel (lektor og forfattar), Karin Magnetun (lærer), Svend Arne Vee (avisredaktør) og Åse Wetås (prosjektdirektør i *Norsk Ordbok 2014*). Aud Søyland (ordboksredaktør, omsettar og språkrettar) vart sekretær for nemnda.

Nemnda gjennomførte ein utprega open prosess. Det vart oppretta eit debattforum på nettet (*Nynorsk 2011*, www.nynorsk2011.org) der alle kunne delta, og nemnda hadde ei eiga e-postadresse. Nemndmedlemmene hadde mange møte med ulike språkaktørar rundt i landet. Sakspapir og møtereferat med førebels vedtak vart lagde på nettet med tilgang for alle. Nemnda leverte ei førebels innstilling, som Språkrådet sende ut til høyring 1. februar 2011. Det kom inn 78 høyringsfråsegner frå offentlege institusjonar, organisasjonar, bedrifter og privatpersonar. 21. februar var det ope høyringsmøte med direkte overføring på nettfjernsyn. 1. april la så nemnda fram den endelege innstillinga til ny nynorskrettskriving. Denne innstillinga var endra på nokså mange punkt i høve til innstillinga frå januar (særleg i verbbøyinga). 20. mai slutta styret for Språkrådet seg til framlegget. Det vart godkjent utan endringar av Kulturdepartementet 22. september, og det vart avgjort at den nye rettskrivinga skulle gjelde frå 1. august 2012.

Det vart den første store endringa i nynorsk på 53 år.

¹ Sidan versjon 3 er detaljane om samsvarbøying av svake partisipp komne til, jf. note 7. Framstillinga av endringar for *gå* er retta, og endringane for *få* er komne med. Sidan versjon 4 er framstillinga av endringar for *j*-verb retta. Eg takkar Helge Sandøy og Marit Hovdenak for merknadar og rettingar til tidlegare versjonar av teksten.

² Innstillinga er tilgjengeleg på denne adressa:

www.sprakrad.no/upload/Rettskrivingsnemnda/Innstilling%20nynorsk.pdf

³ Med termen *e-verb* meiner eg her slike som danner både presens og preteritum med suffiks som inneheld vokalen *e*, t.d. *syne* (*syner*, *synte*). *J*-verba er ikkje rekna med her, jf. neste note.

⁴ Med *j-verb* meiner eg slike som har *j* berre i infinitiv, t.d. *velje*. (Verb som *byggje* og *tenkje*, som kan ha *j* i presens òg (*byggjer*, *tenkjer*), er altså ikkje rekna som *j*-verb her.)

⁵ Supinum er den forma som er brukt etter *ha*, t.d. *har/hadde valt*. Denne forma er i norsk lik ubestemt eintal inkjekjønn av perfektum partisipp.

⁶ Detaljane i samsvarsbøyinga av svake partisipp var uklare i den vedtekne innstillinga. Framstillinga her byggjer på vedtak i Språkrådet seinare, og avvik frå innstillinga når det gjeld bøyinga av verbet *løyne*.

⁷ Utgreiinga ligg her: www.sprakradet.no/upload/nyno02rev.pdf.